

Kyrkjelydsblad
for
Arna

NR. 5

SEPTEMBER 1997

30. ÅRG.



Frå ein Alpha-kurskveld våren -97

Ikkje «gje» deg

Av Per Sæle

Til ein søkjande.

Du har kanskje leita etter det gode livet
 – i fornøyer, nyting eller underhaldning
 – ved å vinna rikdom, makt og ære
 – i natur, miljø eller solidaritetsarbeid
 – eller du har søkt inn i deg sjølv eller i ymse religionar for å finna mening med livet. Men så har du ikkje blitt tilfredsstilt.

Til deg vil eg seia: Hald fram med å leita. Men du må leita på rett stad. Eg tenkjer då på Bibelen. Der står det at den som leitar skal finna. Der står og om ein hyrding som hadde hundre sau, men miste ein. Han leita etter den eine til han fann den. Han (Jesus) leitar etter deg. Let du deg finna?

Til ein tvilande.

Du er kanskje av dei som tvilar på at Gud er til
 – eller tvilar på at Gud bryr seg om deg, slik du er.

Til det første vil eg seia: Tak til å tvila på tvilen din. Det

fins nemleg mange som brukar tvilen som eit forsvar mot Guds kall. Kristentrua passar liksom ikkje for vår tid eller vår natur. Tvilaren Tomas kunne ikkje tru utan at han kunne få sjå og få kjenne på Jesus sine sår. Jesus viste seg for han – med såra sine. Tomas kom til tru att og braut ut: Min Herre og min Gud. Det same kan skje med deg, om du får sjå og kjenna Jesus.

Til det andre vil eg seia. Det er sant at Gud er heilag, men like sant at Gud er kjærleik. For så elska Gud verda (og deg) at Han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.

Og Jesus levde det livet du skulle ha levd og døydde den døden du skulle ha døydt. Straffa låg på han, så vi skulle ha fred –

Så «Ikkje gje deg», men gjev deg over – til Han. Då kan du frimodig og glad lita på at hans verk gjeld for deg.



Alle som leitar!

Alpha-kurs er for alle som vil vita meir om kristen tru, eller som leitar etter eit kristent fellesskap å høyre til.




Læring og latter!

Vi har mykje å lære. På Alpha-kurs er det også festleg samstundes som vi lærer meir om kristentrua.




Pizza og pasta!

Kvar kveld startar med ein god kveldsmat. Slik vert vi kjende med kvarandre og får nye vener.



Hjelpe kvarandre!

I smågrupper kan vi hjelpe kvarandre med å finne svar på vanskelege spørsmål vi har.



Alt du lurar på!

Ingen spørsmål er for store eller for små, for vanskelege eller for dumme.

Arna Kyrkjelyd og Bedehuslag i Arna inviterer til ALPHA-KURS

Kven er Gud?
 Kva betyr Jesus for livet vårt?
 Må eg leve med mi skuldkjensle?
 Kva er meininga med livet?
 Er det noko etter døden?
 Kva med lidinga og det vonde?

ALPHA

for deg som søkjer svar.

Alpha-kurs. Kva er det?

Alpha er eit kort kurs om den kristne tru. I kurset er det og eit laurdagsseminar og festavslutning med middag. Ein bind seg ikkje til å vera med på alle samlingane, men det er fint om ein kan vera med på det meste.

Når er det?

Alpha-kurset går over 10 tysdagskveldar frå kl. 19.00-21.45. Første kvelden er den 16. september, og den siste er den 18. november. Laurdagsseminaret er den 11. oktober, og Alphamiddagen er den 28. november.

Korleis ser ein Alpha-kveld ut?

Vi et kveldsmat saman først. Så er det innføring i emnet for kvelden. Ein får eit kurshefte der ein kan følgje med. Ein er delt inn i grupper, og det er gruppesamling kvar kveld etter undervisninga. I gruppene samtalar vi, stiller spørsmål og vert betre kjende med kvarandre.

Innleiarar på kurset

Førebels er det klart at Arnfinn Norheim og Kjell Nese tek ein del av emna. Det vert og fleire med.

Kvar skal vi vera?

Samlingane vert i Arna kyrkjelydshus.

Pris

Sjølve kurset er gratis. Kursheftet kostar kr. 30,-. Vi spleisar på utgiftene til mat. Laurdagssamlinga vert og i kyrkjelydshuset. Dermed vert kostnaden berre maten. Alphamiddagen må kvar betale kostnaden med. Dette vert eit svært rimeleg kurs.

Kursemne og datoar?

Dato:	Emne:
16.09	1. Kven er Jesus?
23.09	2. Kvifor døydde Jesus?
30.09	3. Korleis kan eg vera sikker på trua mi?
07.10	4. Kvifor og korleis bør eg lese i Bibelen?
11.10	Laurdagsseminar
	5. Kven er Den Heilage Ande?
	6. Kva gjer Den Heilage Ande?
	7. Korleis kan eg verta fylt av Anden?
	8. Kvifor og korleis skal eg be?
14.10	9. Korleis kan eg stå imot det vonde?
19.10	Familiegudsteneste i Arna kyrkje.
21.10	10. Korleis leier Gud i dag?
28.10	11. Kvifor og korleis skal vi fortelje andre?
04.10	12. Helbredar Gud i dag?
11.11	13. Kva med kyrkja og kyrkjelyden?
18.11	14. Korleis skal eg få mest mogeleg ut av livet?
28.11	15. Emne på Alphamiddagen: Kristendommen, kjedeleg, usann og irrelevant?

Det kan verta endringar på emna på dei forskjellige datoane.
**Påmelding til Arna kyrkjekontor, Boks 64, 5260 Indre Arna. Telefon 55 24 04 00.
Fax 55 24 47 05.**

Soknerådsvalet 1997 i Arna sokn

Val på nytt sokneråd for Arna sokn vert halde i Arna kyrkje søndag 12. oktober og søndag 19. oktober etter gudstenestene frå ca. kl. 12.30 til kl. 14.00, og i Trengereid bedehuskapell etter gudstenesta søndag 19. oktober frå ca. 12.30 til 14.00.

Manntalet ligg til gjennomsyn på kyrkjekontoret i kontortida frå 12. september t.o.m. fredag 10. oktober.

Rett til å røyste har kvart medlem av den norske kyrkja som bur i soknet og som innan utgangen av 1997 vil ha fylt

18 år og ikkje er frådømd røysterett i offentlege saker. For fyrste gong vert eit kyrkjeleg manntal lagt til grunn ved soknerådsvalet.

Klage over manntalet må rettast til soknerådet innan 3 veker før valet.

Det er høve til førehandsrøysting i kontortida på kyrkjekontoret frå måndag 29. september.

Vallista vert kunngjort i lokalpressa før denne tid, og lagt ut på kyrkjekontoret.

Forslag til valliste ved soknerådsvalet 1997 – Ytre Arna sokn –

1. Tor Oddvar Holmefjord
2. Gudny H. Skorpen
3. Guri Rivenes
4. Turid Hjellum
5. Jan Skorpen
6. Sylvi Sæle
7. Randi Kvamme
8. Borgny Kvamme
9. Monica Mollandsøy
10. Lisbeth Hjortland
11. Grethe Slåke
12. Jon Steinset
13. Turid Gjone
14. Johannes Bukkestein
15. Birgit Askeland
16. Mally Myhre

17. Borghild Eikerol
18. Adolf Haugland
19. Alf Brekkhus

Lista er framlagd av:
Tormod Hanstveit, Maria Teigland, Ingrid Olsen, Gudny H. Skorpen, Benthe Vevle Birkeland, Eli Mohn, Reidun Leknesund, Trygve Johansen, Tor Oddvar Holmefjord og Siri Brunvoll.

Mulig å forhåndsstemma på prestekontoret i Ytre Arna fra 1. oktober. Kontordag: Onsdag og fredag kl. 10.00-12.00.



Kan vi lytte?

KIRKENS SOS trenger flere frivillige telefonmedarbeidere. Du må være over 22 år og du må kunne lytte mer enn du snakker selv. Du får opplæring og veiledning så lenge du er med i tjenesten. Velkommen til et utrolig godt medarbeidermiljø og en utfordrende og meningsfull tjeneste!
RING TLF. 55 32 58 45 PÅ DAGTID.

Arna og Ytre Arna kyrkjelydar på tur 31. aug. 97

«Halleluja! Lovsyng Herren, mi sjel!»
Salme 146,1.

Denne strofa frå ein av bibeltekstane for søndagen illustrerer opplevingane under turen. Strålende ver, vakker natur, barnelatter, eldres fryd, flinke sjåførar, gode guidar og Guds opne himmel. Kva meir kunne ein ynskje.

Første stopp var Lindås kyrkje der vår tidlegare kap., no sokneprest i Lindås, Harald Sundsbø, tok hjarteleg imot oss. Sundsbø og prost Nese var saman om gudstenesta. Preiketeksten var om dei 10 spedalske og den eine som kom til Jesus for å takke. Ein av tankane som Sundsbø målbar var at vi tek goder som sjølvsgt, få nærmar seg Gud for å gi han æra.

Kl. 14.00 kom vi til Radøytunet der gjestfrie vertsfolk og god middag venta.



Utvandrarkyrkja.

Men sjølve reisemålet var Amerika-kyrkja på Sletta, eller utvandrarkyrkja som ho og er kalla. Vi hadde sett henne på TV, lese om henne, høyrte om henne, men no såg vi henne: kvitmåla, vakker tett ved gravlunden til forfedrane.

Vi fekk høyra om desse som drog over til Amerika. Dei tok kulturen og gudstrua med seg, og så snart dei makta det, bygde dei seg kyrkje. Det er fleire slike i det norskætta Amerika, men berre denne har funne vegen heim att.

Det var som både veggar, golv og inventar tala. Alt var der! Ei slik oppleving kan ein ikkje gjenskape for andre. Reis sjølv! Opplev det!


På heimturen var det lovsong. Takk til dei som fekk turen i stand!

 Klara



Ein del av reisefylgjet på kyrkjetroppa.

Kortur til Haugesund




Ytre Arna Barne og Ungdomskor og Arna Barnekantori var 18.-20. april 1997 med på eit kortreff i Nordheim kyrkje i Haugesund. Tilskipar var Bjørgvin Kyrkjesongsamband og deltarane, 150 i talet, kom frå 4 fylke.

Tema for samlinga var «Songar frå mange land», og det vart sunge både på afrikansk, spansk, israelsk, latin og norsk. Det vart instruert i song, dans, pantomime og trommer, og alt dette vart teke i bruk på gudstenesta søndagen. Trommeinstruktør Eddie Andresen hadde med seg eit heilt billass med forskjellige trommer frå heile verda.

Det «svinga» i Nordheim kyrkje den dagen, og Arnabuane var aktivt med.

S.B.



K-FORUM
ARNA

HØSTEN-97 første møte tirsdag 9. sept.
«SOMMERMINNER» og tilbakeblikk/ «Blåturen».

Det blir ikke møter i oktober og november, men vi ber dere slutte opp om kyrkjelydens ALPHA-kurs som starter **tirsdag 16. sept.** og avslutter **18. nov. hver tirsdagskveld fra kl. 19.00 til 21.45 i kyrkjelyds- huset.** Kurset er gratis – kursbok kr. 30.00.

Påmelding til kyrkjekontoret, tlf. 55 24 04 00.

SISTE MØTE DETTE HALVÅRET BLIR: ADVENTSMØTE TIRSDAG 2. DESEMBER KL. 19.30 I KYRKJELYDSHUSET.

K-Forum er for kvinner i alle aldre – vi ønsker vel møtt! – og håper å se mange av dere på ALPHA-KURSET.

For styret i K-Forum
Jorunn Dahle

Konsert til inntekt for
ORGELFONDET
i Arna Kyrkje tysdag 21. oktober kl. 19.30

Medverkande:
Haukeland Songlag
Audun M. Boge – Klarinett
Jostein Aarvik – Orgel
Kollekt til orgelfondet.
Arr.: Orgelnemnda for Arna kyrkje



HAR DU OVERSKUDD PÅ HUSROM OG HJERTEROM?

AAN (Alternativ til abort i Norge)
Rådgivningskontor for gravide søker frivillige medarbeidere.

Frivillige medarbeidere som kan være:

- BÅRNEVAKT EN KVELD HVER FJORTENDE DAG
- WEEKEND-AVLASTERE EN HELG I MÅNEDEN

For å være frivillig medarbeider hos oss må du:

- HA TID OG OVERSKUDD
- TRIVES SAMMEN MED BARN
- VÆRE PÅLITELIG OG ANSVARFULL
- BINDE DEG FOR ETT ÅR OM GANGEN

Det er vanlig prosedyre i AAN at vi intervjuer frivillige som melder seg. Vi ber også om referanser. Dette er viktig av hensyn til trygghet.

LITT OM AAN

Stiftelsen AAN er en landsomfattende hjelpeorganisasjon for kvinner/par som er blitt uønsket/ikke planlagt gravide. Vårt formål er vern av ufødt liv ved å gi rådgivning, hjelp og støtte.

ØNSKER DU Å HJELPE?
VIL DU VITE MER OM OSS?
TA KONTAKT MED AAN I BERGEN
Adressen er: **Strandgt. 6, 5013 Bergen. Tlf.: 5530 7040.**
VI HAR ÅPENT: MANDAG TIL FREDAG 09.00-16.00.

Hilsen
AAN-BERGEN

Nytt i orgelsaka



Kantor Jostein Aarvik ved orgelet i Arna kyrkje.

Det kyrkjelege fellesrådet for Bergen har vedteke ei prioritierungsliste over orgel som skal skiftast ut. Her kjem orgelet i Indre Arna på femte plass m.a. etter Salhus og Ytre Arna. Dersom fellesrådet skal fylgja opp planane sine om å løyva pengar til eitt orgelprosjekt i året etter 1998 må løyvingar til Indre Arna vera på plass på budsjettet for år 002.

Dei signala ein har fått frå fellesrådet og kyrkjevergen går ut på at det vert lagt stor vekt på det lokale engasjement

i orgelsaken når det skal budsjetterast med løyvingar. Orgelnemnda for Arna kyrkje ser det difor som ei viktig oppgåve å byggja opp eit solid orgelfond.

Det vil i dei næraste månadene bli arbeida med å få oppnemnd ein fagleg konsulent for det nye orgelet. Konsulenten bistår orgelnemnda og fellesrådet under utforminga av det nye instrumentet og når det skal avgjerast kva firma som får byggeoppdraget.

J.Aa

ARNA PRESTEGJELD

Arna Kyrkjekontor, Borgstova, Indre Arna: Tlf. 55 24 04 00 og 55 34 02 15.

Kontortid: Tirsdag, onsdag, fredag kl. 10.00-12.00.

Torsdag kl. 17.30-19.00.

Kyrkjekontoret i Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jepsensv. 39: Tlf. 55 24 85 46.

Kontortid: Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Kyrkjegardane i Arna: Tlf. 55 24 05 69. **Kontortid:** Månd.-fred. kl. 10.00-11.00.

Frå bedehusland

Betania, Lone

September:

- Søn. 07. Samlingsfest kl. 16.00.
Kåre Hellem.
Lør. 13. Lørdagssamling kl. 16.00.
Representantar for Gideon talar og syng.
Søn. 14. Søndagsskule.
NLM. B-kurs. Øystein Rønhovde kl. 19.00: «Nytt Hjarta»
Fil. 1, 1-11.
Tor. 18. Nattverdmøte.
Lør. 20. Søndagsskulen superlørdag i Bergen.
Søn. 21. BUF.
Søn. 28. B-kurs. NLA-fellesmøte. Kristian Helland, kl. 19.00. «Nye hensikter». Fil. 1, 12-30.

Oktober:

- Tor. 02. NMS-basar kl. 19.00.
Fre. 03. Fredagskafé kl. 21.00.
Søn. 05. Gudsteneste kl. 11.00. Kjell Nese. Nattverd. Søndagsskule. BUF.
Tor. 09. HIM. Audun Hjelvik.
Søn. 12. B-kurs. HIM. Audun Hjelvik kl. 19.00: «Ny haldning». Fil. 2, 1-11.

Arna bedehus:

August:

31. aug. kl. 19.00 Møte v/Morten Pedersen.

September:

04. sept. kl. 19.30 Bøne- og vitnemøte.
07. sept. kl. 18.00 Samlingsfest.
Tale av bibelsk.lærer Aud Karin Kjølvik. Musikklaget. Aud og Per.
11. sept. kl. 17.00 Eldretreff.
14. sept. kl. 19.00 Møte v/Misjonssambandet. Song av ekteparet Ramberg.
18. sept. kl. 19.30 Bøne- og Vitnemøte.
21. sept. kl. 19.00 Møte v/Israelsmisjonen.
25. sept. kl. 19.30 Nattverdmøte.
28. sept. kl. 19.00 Fellesmøte Betania Lone. Kristian Helland.
Tema: Nye hensikter.

Oktober:

02. okt. kl. 19.30 Møte.
03. okt. kl. 19.00 Møte v/Det Hvite Bånd.
05. okt. kl. 19.00 Møte.
09. okt. kl. 17.00 Eldretreff.
12. okt. kl. 19.00 Møte v/Misjonssambandet. Song av Ingunn og Alf Magnus Tysse.

BETANIA, LONE

- Tor. 16. Nattverdmøte.
Søn. 19. Søndagsskulens dag i Arna kyrkje.
Fellesmøte i Kyrkjelydshuset kl. 19.00.
Tor. 23. Israelsmisjonen.
Lør. 25. Santalmisjonen. Lørdagssamling kl. 16.00. Audun Tang.
Søn. 26. B-kurs. Santalmisjonen. Rolf Kjøde. Kl. 19.00. «Nytt ansvar/ Nye venskap». Fil. 2, 12-30.

November:

- Lør. 1. og søn. 2. Barnekoret. Heimeweekend.
Søn. 02. BUF.
Fre. 07. Fredagskafé kl. 21.00.
Lør. 08. BUF & Muhammedanermisjonen. Tefest kl. 16.00.
Søn. 09. B-kurs. HIM. Kjell Nese kl. 19.00. «Ny tillit». Fil. 3, 1-21.

ARNA KYRKJEKOR ynsker DEG velkomen Du finn oss i kyrkja kvar onsdag mellom kl. 19.30 og 21.30.

Koret si viktigaste oppgave er å syngja til høgmesse om søndagane. I tillegg syng me på Helseheimen, på møte, basar o.l. i Arnabygda. Me har jamnleg konsertar med store og flotte musikalske prosjekt. Koret er eit godt og inkluderande fellesskap. For dei som er med, har koret vorte ein vesentleg del av livet.

Velkomen i kyrkjekoret – du og!

ARNA BARNEKANTORI har starta opp att med øvingar i Arna Kyrkjelydshus onsdag kl. 17.45 til 19.00.

Vårt fyrste mål er ein kortur til Øygarden i oktober. Seinare ventar advent og jul. Koret er ofte saman med andre kor, så her kan ein få nye vener.

Ta gjerne kontakt med kantor Jostein Aarvik på tlf. 55 24 04 00 eller 55 31 48 06 for meir informasjon.

Velkomen til oss!

NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



Døypte

Arna sokn:

- 25.05.: Alexandra Jasmin Skogseide, Sonia Pedersen Bell, Synne Solberg, Karoline Hasti Rutle, Tina Haukeland Bruvik, Henrik Johan Hansen, Audun Hansen, Niklas Mjelde, Andreas Hovden.
1.06.: Emil Hansen Tunes, døypt i Takvam kapell.
07.06.: Ivar Jostein Vatle.
15.06.: Sunniva Juliussen, døypt i Birkeland kirke.
22.06.: Julianne Malene Rongved Fosse, Karina Veland, Aleksander Flaktveit, Jørgen Victor Skagen, Andreas Ekeland, Adrian Opedal Schrøen.
30.06.: Emil Enger Rolfsnes, døypt i Bergen.
05.07.: Jakob Hjorth Zinke, døypt i Birkeland kirke.
06.07.: Ingvild Løkkevik, Amalie Vatle Hammersland, Anna Ulveraker Reknes, Victoria Knutsen, Carsten Mjelde.
20.07.: Sondre Grøteide, Helga Marie Berg, Benedikte og Helene Bysheim.
27.07.: Tine Marie Hodne.
03.08.: Håkon Almelid Tvilde, Erlend Sænbø, Glenn Ivan Olsen Røsland.
10.08.: Irmelin Takvam Bjørndal, Kristine Sørøbø, Rebekka Åmot Rossnes.
17.08.: Mathilde Konstanse Rasmussen, Julia Reigstad Førland, Gard Askeland, Ole Jacob Kvammen Hetleflåt.
4.08.: Kathrine Anthun.

Ytre Arna

- 31.05. Benedikte Herland Søylen
08.06. Lotte Grøttå
22.06. Birthe Mjelde Tysse, Christoffer Bratten Bruvik
29.06. Susann Samuelsen, Amalie Samuelsen
24.08. Ingrid Giskeødegård, Robin Kalsås Frøderberg, Oliver Schjønning
Walan, Emil Blindheim



Vigde:

Arna sokn:

- 24.05.: Hallvard Aardal Mjelde og Vibeke Veland
Arne Hygen Tørnkvist og Kjersti Karlsen
Åge Algerøy og Hege Soltvedt, vigde i Ytre Arna.
30.05.: Roald Garnes og Beate Espeland
31.05.: Yngve Nese Nordahl og Evy Ann Minde
07.06.: Kjell Morten Fjeldstad og Siv Myking
14.06.: Helge Holmefjord og Grete Nygård
14.06.: Kenneth Foss og Kjersti Hauge
21.06.: Torbjørn Andersen og Hege Merete Hopsdal Bjørke
28.06.: Sverre Johan Mo og Anita Therese Andersen
05.07.: Christer Aastvedt og Linda Tvedt
05.07.: Jan Vidar Akselberg og Ann Kristin Berge
11.07.: Arild Haukeland og Kate Alden, vigd i Haakonsvern k.
12.07.: Frank Listøl og Wenche Nilsen
19.07.: Ronny Lindkvist og Linn Christin Ekse
19.07.: Torleif Værøy og Britt Heidi Olsen, vigde i Stord k.
25.07.: Idar Mestad og Hanne Cecilie Braarud, vigde Alversund.
26.07.: Brede Gruer og Aina Kristine Trengereid.
02.08.: Håkon Huse og Christine Tunes
02.08.: Arvid Svein Grøneng og Liv Svanhild Osland
09.08.: Michael Willi Schink og Merete Bakke
09.08.: Jone Torsvik og Malene Jacobsen
16.08.: Petter Holck Sandal og Anne Birthe Moldekleiv
- ### Ytre Arna sokn:
- 31.05. Mariann Herland og Harry Andreas Søylen
19.07. Ingvild Svandal og Trond Kvamme
02.08. Liv Marit Mjånes og Svein Kåre Brunsvik

† Døde:

Arna sokn:

13.05.: Jakob Rødland f. 1918
16.05.: Malena Nævdal f. 1930
24.05.: Alf Istad f. 1919
04.06.: Gerda Herfindal f. 1909
06.06.: Birger Neset f. 1942
07.06.: Leif Knudsen f. 1921
08.06.: Sofie Rørlien f. 1908
16.06.: Erik Thunestveit f. 1965
26.06.: Olav Reime f. 1921
28.06.: Harald Olsen, f. 1915
30.06.: Emil Enger Rolfsnes f. 1997
06.07.: Ivar J. Skjoldal f. 1917
09.07.: Odd Ottesen f. 1913
14.07.: Johan Thorsen f. 1919
15.07.: Regine Kvant Ingebrigtsen f. 1995
15.07.: Bergit Hauge f. 1906
16.07.: Synnøve Hauge f. 1907
16.07.: Arne Dahl f. 1924
25.07.: Reidar Løvås f. 1916
31.07.: Magnus Eikerol f. 1918
16.08.: Willy Fauskanger f. 1932

Ytre Arna sokn:

14.05.: Sverre A. Aasheim f. 1912
18.05.: Gunnhild Halland f. 1922
01.06.: Helge Sundland f. 1915
06.06.: Kristina Røen f. 1912
07.06.: Rolf Alfred Skulstad f. 1925
26.06.: Eivind Hjortland f. 1957
11.07.: Anna Træen f. 1910
18.07.: Sofia Andersen, f. 1914
18.07.: Ingeborg Grinde f. 1909
23.07.: Birger Strømme f. 1908
04.08.: Ingrid Hjelmås f. 1916

Neste nr. av Kyrkjelydsbladet

Neste nummer av Kyrkjelyds-
bladet kjem etter planen ut
29. oktober.

Stoff til bladet kan leverast til
kyrkjekontoret innan **tysdag**
14. oktober.

Ofringar:

Arna sokn:

25.05.: Arna kyrkj.l. sin barneh. kr. 2766,-
01.06.: Kristent innvandrerarb. kr. 2972,-
08.06.: Kyrkjelydsarhuset kr. 2020,-
15.06.: Barne- og ungdomsproj. kr. 2682,-
22.06.: Nytt internat i Pokot,
Kenya kr. 4044,-
29.06.: Arna Kvite Band kr. 2190,-
06.07.: Livsrett og menneskeverd kr. 3724,-
13.07.: Kyrkjelydsarbeidet kr. 1810,-
20.07.: Orgel i Arna kyrkje kr. 4986,-
27.07.: Barne- og ungdomsproj. kr. 2511,-
03.08.: Kirkelig ressurscenter for
mishandl. kv. kr. 2046,-
10.08.: Den Indre Sjømannsmisj. kr. 2683,-
17.08.: Kyrkjelydsarbeidet kr. 2881,-
24.08.: Norges Kr. student- og
skoleungdomslag kr. 2941,-

Ytre Arna sokn:

25.05 Bjørgvin Bisped.råd kr. 1423,50
01.06 Kristenrussen i Hord. kr. 704,50
08.06 KFUK-KFUM kr. 1263,50
22.06 Kyrkjelydsarhuset kr. 1265,50
29.06 Det hvite bånd kr. 1192,00
06.07 P22 Kontaktsenter kr. 926,00
20.07 For livsrett og
menneskeverd kr. 706,00
27.07 Norea kr. 580,00
03.08 A. og Åsane prostiråd kr. 781,00
17.08 Kyrkjelyds.arb. kr. 656,00
24.08 Den indre sjømannsm. kr. 2110,50


SAMLINGSFEST

Soknerådet inviterer til
**SAMLINGSFEST FOR
ARNA KYRKJELYD**
i Kyrkjelydsarhuset fredag
19. september kl. 19.00.

Ymse program.
Sosialt fellesskap
og god mat.

ALLE ER VELKOMNE!

KYRKJE- SKYSS



HAUKELAND/ UNNELAND

14. september

Nils Minde.....tlf. 55 24 01 54

21. september

Berit Haugsværtlf. 55 24 08 15

28. september

Oddmund Skjoldaltlf. 55 24 28 76

5. oktober

Jverre Myklebusttlf. 55 24 29 05

12. oktober

Ingrid Hopetlf. 55 24 08 08

19. oktober

Jens Haugetlf. 55 24 01 43

26. oktober.....Nils Minde

2. novemberBerit Haugsvær

ARNATVEIT OG INDRE ARNA

14. september

Hollekvetlf. 55 24 23 45

21. september

Eidetlf. 55 24 15 15

28. september

Kaaresten.....tlf. 55 24 02 41

5. oktober

Kjostlf. 55 24 17 82

12. oktober

Monstadtlf. 55 24 32 20

19. oktober

Låøytlf. 55 24 03 26

26. oktober.....Hollekve

2. novemberEide

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, Boks 64, 5260 Indre Arna.

Redaktør: Magne Mestad.

Redaksjonsnemnd: Klara Ulveseter, Asle Reigstad og Magne Mestad.

Bladpengar: Kr. 35,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgironr.: 0805 31 04445.

Trykt i Grafisk Forum A/S, Ytre Arna

Dei tilsette i kyrkjelydane

Sokneprest Kjell Nese
Prestegarden, 5260 Indre Arna
Tlf. 55 24 02 72

Kap. Trygve Johansen
Gamlev. 8, 5265 Ytre Arna
Tlf. 55 24 75 53

Organist Arna
Jostein Aarvik
Øvre Blekevei 27, 5003 Bergen
Tlf. 55 31 48 06

Kontorfullmektig Arna
Ella Kaaresen
Hølbekken 125, 5262 Arnatveit
Tlf. 55 24 02 41

Kateket Erik Rodal
Stuajordet 31, 5262 Arnatveit
Tlf. 55 24 00 41

Kyrkjetenar Arna
Svein Mjelde
Lonaleitet 109, 5233 Haukeland
Tlf. 55 24 28 71

Organist Ytre Arna
Siri Brunvoll
Vågsbotn, 5090 Nyborg
Tlf. 55 18 45 29

Kontorfullmektig Ytre Arna
Benthe Vevle Birkeland
Nordstrandv. 27, 5265 Ytre Arna
Tlf. 55 24 73 92

Kyrkjetenar Ytre Arna
Sølvi Sæle
Skulev. 8, 5265 Ytre Arna
Tlf. 55 24 88 93

ARNA GRAVFERDSBYRÅ

Espeland



Kåre Bj. Hope

Tlf. 55 24 08 08 – Mobil tlf. 945 01504

Står til teneste med alt ved dødsfall

SAMDALS

BYRÅ
JONSVOLLSGATEN 1

55 90 19 80 hele døgnet

Kommer også hjem for samtale.

J. Teigland tlf. privat 55 24 22 23

KIRKENS SOS

**Treng du nokon
å snakka med?**

**Ring 55 32 32 00
frå klokka 19 til 07
alle dagar**

eller mellom klokka 10 og 14
måndag til fredag



Solstrands BEGRAVELSESBYRÅ

HERMAN FOSSGT. 11, 5007 BERGEN

Våre representanter i **Arna**
Helge Spilde tlf.: 55 24 38 92 og
Willy Soltvedt tlf.: 55 24 76 23



DØGNVAKT
55 32 55 50

Vi kommer hjem for samtale og gir gjerne forhåndspris

FØREKORT KL. B

- Fornøyde kunder
- Trygge sjåførar


Tlf. 55 24 00 83/94 68 88 41



BLOMSTER

til enhver anledning!
Ring vår blomstertlf.

55 24 25 95



5260 Indre Arna

Frøydig SALONGEN

Garnesveien 41 – Indre Arna
Tlf.: 55 24 00 68

Stedet for moderne og
fagmessig hårdesign
Dame • Herre • Brudepynting



Fagkunnskap gir
trygghet

10 % for pensjonister alle dager.



Spesialforretning i blomster

Dekorasjonsbinderi, buketter og kranser.

Pynting av kirke,
konsert- og forsamlingslokaler.

Espeland Gartneri

5230 ESPELAND TLF. 55 24 08 09
ARTHUR HOPE

Din lokale
storbank
i Arna!

KREDITKASSEN

Filial Arna – tlf. 55 24 05 20

I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup,
konfirmasjon og barnedåp.



5260 Indre Arna – Telefon 55 24 04 96

Vi reparerer alle typer
husholdningsapparat.
Monterer TV-antennar,
også TV 2.

**Litangen
Husholdningsservice,
Garnes
Telefon 55 24 02 87**

Velkommen til kyrkje

- 14.09** *17. s.e. pinse – 2. Tim. 1,9-12a*
Arna kl. 11.00. Trygve Johansen og Erik Rodal. PRESENTASJON AV KONFIRMANTAR. Dåp. Takkoffer til Barne- og ungdomsprosjekt.
Trengereid kl. 11.00. FAMILIEGUDSTENESTE. Kjell Nese. PRESENTASJON AV KONFIRMANTAR. Takkoffer til Livsrett og menneskeverd.
- 21.09** *18. s.e. pinse – Mark. 2,18-28*
Arna kl. 11.00. Trygve Johansen. Forbøn for kyrkjelydsarb. 50-års konfirmantane. Nattverd. Arna kyrkjekor. Takkoffer til Bjørgvin Bispedømeråd.
Ytre Arna kl. 11.00. Kjell Nese. Forbøn for kyrkjel.arbeidet. 50-års konfirmantane. Takkoffer til Kristelig Kringkastingslag.
- 28.09** *19. s.e. pinse – Mark. 12,28-34*
Arna kl. 11.00. Trygve Johansen. MF-dag. Dåp. Nattverd. Studenter frå M. Takkoffer til MF. Kyrkjekaffi.
Ytre Arna kl. 11.00. Studentprest Knut Skjeldal. Nattverd. Takkoffer til NLA.
Takvam kl. 16.00. Studentprest Rolf Kjøde.
- 05.10** *20. s.e. pinse – Mark. 2,1-12*
Arna kl. 11.00. Spr. Henning Langeland. Dåp. Takkoffer.
Betania kl. 11.00. Kjell Nese. Nattverd.
- 12.10** *21.s.e. pinse – 1. Mos. 1,27-31*
Arna kl. 11.00. Spr. Henning Langeland. Nattverd. Arna kyrkjekor. Takkoffer.
Ytre Arna kl. 11.00. Trygve Johansen. Nattverd. Takkoffer til de fire diakoniinstitusjoner.
- 19.10** *22. s.e. pinse – Joh. 22,44-50*
Arna kl. 11.00. FAMILIEGUDSTENESTE/HØSTTAKKEFEST. Kjell Nese. Takkoffer til Bergens Søndagsskolekrets. Kyrkjekaffi.
Ytre Arna kl. 11.00. FAMILIEGUDSTENESTE. Trygve Johansen. Utdeling av Mi kyrkjebok. Takkoffer til Bergen Søndagsskolekrets. Kyrkjekaffi.
Trengereid kl. 11.00. FAMILIEGUDSTENESTE. Nils Arne Lavik. Takkoffer til Bergen Søndagsskolekrets.
Takvam kl. 16.00. FAMILIEGUDSTENESTE. Takkoffer til Bergen Søndagsskolekrets.
- 26.10.** *Bots- og bededag – Klag. 3,39-41*
Arna kl. 11.00. Kjell Nese. Takkoffer.
Ytre Arna kl. 11.00. Trygve Johansen og Knut Rønnestad. Takkoffer til Sjømannsmisjonen/Norsk kirke i utlandet. Kyrkjekaffi.
- 02.11.** *Allehelgensdag – Matt. 5,1-12.*
Arna kl. 11.00. Trygve Johansen. Minnedag. Nattverd. Takkoffer Arna kyrkjekor. Kyrkjekaffi.
Ytre Arna kl. 11.00. Sokneprest R. Hemstad. Gudsteneste. Minnedag. Nattverd. Takkoffer til Menighetsfakultetet. Kyrkjekaffi.
Takvam kl. 16.00. Trygve Johansen. Nattverd.
- 09.11.** *25. s.e. pinse – Joh. 5,24-29*
Arna kl. 11.00. FAMILIEGUDSTENESTE. Kjell Nese. Utdeling av mi kyrkjebok. Takkoffer. Kyrkjekaffi.
Ytre Arna kl. 11.00. FAMILIEGUDSTENESTE. Kap. Rolf Rasmussen. Song av Unge Røster. 7-åringane er innbedne. Takkoffer til Pinsevennes Evangeliesenter. Kyrkjekaffi.